



Tore Sven Osli
Kylie Dione Skene Osli
Björgvingata 26

5531 Haugesund

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2015/3567	22563/2015		15.12.2015

Orientering om buplikt på gnr. 128/19 i Vinje

Dykkar erverv av bustadeigedom gnr. 128/19 i Vinje er tinglyst 5.8.2014. Vi syner til dykkar eigenerklæring om konsesjonsfridom den 24.6.2014 der de stadfestar at eigedommen skal nyttas til heilårsbustad.

Kravet til busetting er at eigar skal ta eigedommen som sin reelle bustad innan eit år i frå ervervet, i følgje konsesjonsloven § 7, jf. konsesjonsloven § 6. Eigar må då ha fått godkjent flyttemelding hos folkeregistret, eller fått leigd bort bustaden nokon andre som har meldt flytting til staden. Buplikta er varig. Ved eit eventuelt brot på buplikta kan kommunen fremje krav om at eigar må søkje om konsesjon.

I følgje våre opplysningar kan det sjå ut til at eigedommen ikkje er busett i dag – omlag halvanna år etter ervervet. Vi ser på dette som eit vesentleg brot på vilkår om buplikt, og vurderer derfor om å be dykk søkje konsesjon etter konsesjonsloven § 13, tredje ledd. Om det ikkje blir gjeve konsesjon, skal kommunen setje frist for sal. Eigaren må då overdra eigedommen til nokon som kan få konsesjon, eller som ikkje treng konsesjon.

Vi bed om dykkar merknad til dette innan 7.1.2016.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

